



Om skjemaet

Føremålet med ei fullstendig melding er å gi Konkurransetilsynet tilstrekkeleg informasjon om føretakssamanslutninga til at tilsynet kan føreta ei grundig konkurransemessig vurdering av saka. Reglane om fullstendig melding av føretakssamanslutningar kan ein finne i konkurranselova § 18 tredje og fjerde ledd og i forskrift om melding av føretakssamanslutningar §§ 4 til 6. Konkurransetilsynet har dessutan gitt retningslinjer for fullstendig melding av føretakssamanslutning. Sjå www.konkurransetilsynet.no for meir informasjon om lova, forskrifta og retningslinjene.

1. Meldar(ar)

Partane i fusjonen eller den eller dei som varig overtek kontroll over eitt eller fleire andre føretak.

1.1 Meldar

Skal alltid fyllast ut

Føretaksopplysningar

Namn	Organisasjonsnummer
------	---------------------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

Kontaktperson/representant

Namn	Stilling
------	----------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

1.2 Annan meldar Fyll ut ved fusjon eller når det er meir enn eitt føretak som overtek kontroll. Dersom det er fleire enn to meldarar skal opplysningar om desse leggjast ved skjemaet.

Namn på føretak	Organisasjonsnummer
-----------------	---------------------

Adresse	Postnummer	Stad
---------	------------	------

Telefonnummer	Telefaks	E-post
---------------	----------	--------

2. Andre involverte føretak 2.1 Anna involvert føretak
--

Namn	Organisasjonsnummer
------	---------------------

2.2 Anna involvert føretak

Namn	Organisasjonsnummer
------	---------------------

Om punkt 3 til 10

Informasjonen det blir bede om i punkt 3 til 10 skal leggjast ved i eit eige dokument. Utover det som følgjer av punkt 3 til 10, er det opp til meldar (ane) å gi eventuelle andre opplysningar som vil kunne vere av verdi for konkurransestyresmaktene si vurdering av føretakssamanslutninga.

3. Beskriving av føretakssamanslutninga

3.1 Gi ei framstilling av den melde føretakssamanslutninga og korleis den kom i stand. Framstillinga skal mellom anna innehalde ei beskriving av den strategiske og økonomiske grunngevinga for transaksjonen, eit oversyn over eigartilhøva etter samanslutninga og tidsplan for gjennomføringa. Dersom det handlar om delvis erverv, skal det vera med eit oversyn over eigarpartar eller delar av verksemda som blir erverva. Sentrale styredokument der føretakssamanslutninga blir behandla, medrekna protokollar/referat, bør leggjast ved meldinga.

3.2 Gi ei beskriving av faktiske og juridiske tilhøve som har noko å seie for om det er mogleg å utøve avgjerande og varig innverknad (kontroll) over føretaket si verksemd. Denne framstillinga skal mellom anna innehalde ei utgreiing om eigedomsrett eller bruksrett til aktiva til føretaket, eller rettar og avtalar som gir avgjerande innverknad over føretaket sine organ (jf. konkurranselova § 17 tredje og fjerde ledd).

3.3 Dersom føretakssamanslutninga skjer ved oppretting av eit fellesføretak (jf. konkurranselova § 17 anna ledd), skal det opplysast om:

- korleis fellesføretaket på varig grunnlag varetek alle funksjonar som høyrer inn under ei uavhengig økonomisk eining, og
- kva grad nokre av dei stiftande føretaka framleis skal drive verksemd i same eller tilgrensande marknader som fellesføretaket.

3.4 Gi opplysningar om eventuelle avtale- og selskapsrettslege tilhøve som er nødvendige for at avtalen om føretakssamanslutninga skal vere endeleg, og når slike tilhøve og/eller selskapsrettslege godkjenningar blir forventa å vere klare.

4. Beskriving av dei involverte føretaka og føretak i same konsern

4.1 Gi ei framstilling av den juridiske og organisatoriske strukturen til dei involverte føretaka, og verkeområda deira. Framstillinga skal inkludere føretak i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll.

4.2 Gi ei oversikt over eigarinteresser dei involverte føretaka har utanfor konsernet, men innanfor dei verkeområda som blir påverka av føretakssamanslutninga.

4.3 Gi opplysningar om kvart av dei involverte føretaka sin omsetnad og driftsresultat i Noreg siste rekneskapsår. For føretak som overtek kontroll skal tal frå andre føretak i same konsern bli inkludert.

4.4 Gi opplysningar om kva bransjeorganisasjonar dei involverte føretaka eventuelt er medlem av.

5. Beskriving av marknadene som blir påverka av føretakssamanslutninga

5.1 Gi ei beskriving av produktmarknadene som blir påverka av føretakssamanslutninga, og opplys om kva geografisk utstrekning desse marknadene har. Ein marknad er påverka av føretakssamanslutninga dersom:

- to eller fleire av dei involverte føretaka har verksemd i den, eller
- eitt eller fleire av dei involverte føretaka har verksemd i den, og det er oppstraums eller nedstraums i høve til ein marknad der eitt eller fleire av dei andre involverte føretaka har verksemd.

Verksemd i det aktuelle marknaden som blir utøvd av andre føretak i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll, skal reknast med for vedkomande involverte føretak.

5.2 Gi ei oversikt over tilgrensande produktmarknader, det vil seie produktmarknader som ligg tett opp til dei påverka marknadene. Gi ei grunngeving for kvifor dei tilgrensande marknadene ikkje er ein del av dei respektive påverka produktmarknadene.

6. Beskriving av marknadsstrukturen i dei påverka marknadene

6.1 Gi eit overslag over alle aktørane si samla årlege omsetning (i verdi og volum) for kvar av dei påverka marknadene, og opplysningar om grunnlaget for desse overslaga.

6.2 Gi opplysningar om kvart av dei involverte føretaka si årlege omsetning (i verdi og volum) og overslag over deira marknadsdelar for kvar av marknadene som blir påverka. Inkluder tilsvarande opplysningar for kvart føretak som inngår i same konsern som det eller dei føretaka som overtek kontroll, og som har verksemd i dei aktuelle marknadene.

6.3 Gi ei oversikt over dei vanlegaste salskanalane i dei påverka marknadene. Oversikta skal mellom anna vise kor stor del av omsetninga av produkta kvar salskanal står for. Vis også i kva omfang salet skjer gjennom tredjepartar og/eller verksemdar i same konsern som dei involverte føretaka.

6.4 Gi ei oversikt over dei viktigaste samarbeidsavtalane (horisontale eller vertikale) som dei involverte føretaka eller føretak i same konsern har inngått i dei aktuelle marknadene. Samarbeidsavtalar er i denne samanhengen å forstå som til dømes avtalar om felles produksjon, spesialisering, informasjonsutveksling, distribusjon, lisensiering, eller langsiktige leveringar.

6.5 Gi ei oversikt over etterspørselsstrukturen i dei påverka marknadene. Oversikta skal mellom anna innehalde ei framstilling av:

- kva utviklingsfase marknaden er i (er den under oppstart, ekspansjon, fullt utvikla eller i tilbakegang),
- kva som påverkar etterspørjarane sine val av produkt/leverandør i dei aktuelle marknadene, til dømes merkevarelojalitet og produkt differensiering,
- i kva grad etterspørjarane skifter leverandør/merke
- forhandlingsstyrken til kundar eller –grupper
- i kva utstrekning eineforhandlaravtaler og andre langsiktige leveringsavtalar blir nytta.

6.6 Gjer greie for kva verdi forskning og utvikling har for produktutviklinga i dei påverka marknadene.

6.7 Beskriv kva verknader føretakssamanslutninga kan få for marknadsstrukturen i dei påverka marknadene.

7. Informasjon om dei viktigaste konkurrentane til dei involverte føretaka, kundar og leverandørar i marknadene som blir påverka

7.1 Gi ei oversikt over dei fem viktigaste konkurrentane til kvart av dei involverte føretaka, og kva ein vurderer desse konkurrentane sine marknadsdelar til i marknadene som blir påverka. Beskriv kva verknader føretakssamanslutninga kan få for dei involverte føretaka sine konkurrentar.

7.2 Gi ei oversikt over dei fem største kundane til kvart av dei involverte føretaka i dei påverka marknadene, og kor stor del av salet til dei involverte føretaka kvar av desse står for. Beskriv kva verknader føretakssamanslutninga kan få for dei involverte føretaka sine kundar.

7.3 Gi ei oversikt over dei fem største leverandørane til kvart av dei involverte føretaka i dei aktuelle marknadene, og kor stor del av dei involverte føretaka sine innkjøp kvar av desse står for. Beskriv kva verknader føretakssamanslutninga kan få for dei involverte føretaka sine leverandørar

8. Eventuelle etableringshindringar i dei påverka marknadene

8.1 Gi ei framstilling av eventuelle etableringshindringar for aktørar som ønskjer tilgang til dei påverka marknadene. Framstillinga skal mellom anna innehalde ei beskriving av offentlege reguleringar som gjer etablering vanskelegare, lisensrettar som er nødvendige for å etablere seg i marknaden og overslag over eventuelt behov for investeringar ved nyetablering.

8.2 Gi ei oversikt over samla produksjonskapasitet i dei aktuelle marknadene og kor stor del av denne som blir nytta.

8.3. Gi ei oversikt over eventuelle nye aktørar som har etablert seg i dei påverka marknadene dei siste tre åra.

9. Utgreiing om eventuelle effektivitetsgevinstar

9.1 Gi ei utgreiing om eventuelle effektivitetsgevinstar ved føretakssamanslutninga. Utgreiinga kan mellom anna innehalde ei framstilling av samfunnsøkonomiske kostnadsreduksjonar som kan vere ei følgje av stordriftsfordelar, rasjonalisering eller samproduksjonsfordelar. Klargjer kvifor dei nemnde effektivitetsgevinstantane er ei følgje av føretakssamanslutninga, og ikkje kan realiserast på alternative måtar.

10. Opplysningar om føretakssamanslutninga er underlagt tilsyn frå andre konkurransestyresmakter

10.1 Dersom det er aktuelt, gje opplysningar om kva for andre land sine konkurransestyresmakter som har kompetanse til å gripe inn mot føretakssamanslutninga, og ta med kva for slike styresmakter føretakssamanslutninga er eller vil bli meld til.

10.2 Gje opplysningar om føretakssamanslutninga krev konsesjonar/løyve etter anna norsk lovgiving.

11. Vedlegg til fullstendig melding

- Avtala om føretakssamanslutning med vedlegg. Dersom avtala ikkje er endeleg på meldetidspunktet, skal den seinaste versjonen av avtala leggjast ved.
- Dei involverte føretaka si siste årsmelding og årsrekneskap. Dokumenta skal leggjast ved sjølv om dei er offentleg tilgjengelege. I den grad føretak i same konsern som dei involverte føretaka har verksemd i dei påverka marknadene, skal også siste årsmelding og årsrekneskap for konsernselskapa leggjast ved.

12. Offentleggjering

Meldar(ane) må klart markere kva opplysningar meldar(ane) reknar som forretningsløyndomar. Alternativt kan forslag til offentlig versjon leggjast ved i eit eige dokument.

--

13. Underskrift

Dersom det er meir enn ein meldar, skal alle meldarane signere. Det blir gjort merksam på at det etter konkurranselova § 30 fyrste ledd bokstav d. er straffbart å gi urette eller ufullstendige opplysningar til konkurransestyresmaktene.

Stad	Dato	(for meldar frå punkt 1.1)
------	------	----------------------------

Stad	Dato	Underskrift (for ev. meldar frå punkt 1.2)
------	------	--